


PLANSTRATEGI 3.0

Nils Aarsæther

Norce Research



ENGASJERANDE – OG AVLASTANDE?

- Engasjementet handlar først og fremst om dei folkevalde – det breie sjiktet av samfunnsborgarar som gjerne tar ein tårn (eller to) i lokalpolitikken
- Kommunal planstrategi kan styrke dette engasjementet
- Avlastande: Handlar først og fremst om administrasjonen og fagfolka/planleggarane sine arbeidsvilkår
- Kommunal planstrategi gir ei oppstilling år for år i valgperioden om igangsetting av planarbeid – med ei fireårig rullering. Dette kan virke avlastande i den forstand at administrasjonen kan vise til vedtatt planstrategi når ad-hoc-utspela melder seg.



KORT OM PLANSTRATEGI

- Krav om å vedta planstrategi innført i pbl 2008
- Første runde («1.0») gjennomført 2012, så 2.0 i 2016, og 3.0 i 2020.
- Ikkje ein plan med krav om medvirkning og høyring
- men tenkt som **kommunestyret sitt (planpolitiske) strategidokument,**
- med eit (administrativt oppfølgande) planoversyn for valgperioden
- Pbl § 10-1 – nøkkelformuleringa: «...bør drøfte **strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling,...**»
- Godt oversyn i Kvalvik (2018): «Kommunal planstrategi – frå politikk til administrasjon?» EVAPLAN-bok 1, kapittel 9.



PBL OM PLANSTRATEGI

§ 10-1. *Kommunal planstrategi*

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.



KPS: DEN ULTIMATE SYSTEMKOMPONENTEN

- KPS bidrar til ei viktig kopling mellom statleg (klima/miljøfokusert) planpolitikk - og kommunal (vekst og utsleppsglad) planlegging. Stikkord: Nasjonale forventningar-dokumentet som går frå regjeringa til kommunane i valgåret, og som «skal følgast opp» i planstrategien
- KPS bidrar til ei kopling mellom politikk, fag og administrasjon, lokalt. Valgvinnaren tar sine satsingssaker inn i planstrategien, ideelt sett
- KPS bidrar til ein fast, 4-årig rytme i planlegginga, med tydeleg kopling til kommuneplanen (samfunnsdel, arealdel)
- På sitt beste kan altså planstrategien, i eit grep, løyse fire gordiske knutar: Stat/lokal, politikk/administrasjon, fast rytme, bærekraft/klima
- Noko som sjølsagt er for godt til å vere sant



FORSKING PÅ PLANSTRATEGI

- EVAPLAN-survey, dekker KPS 2.0; stor spreiding i svar om KPS sin betydning for kommunale prioriteringar
- EVAPLAN-phd-prosjekt (Karoline Jakobsen Kvalvik, ferdigstilt 2020) – basert på case-studier med intervju, observasjon og dokumentanalyser i 5 kommunar, KPS 1.0 og 2.0)
- TRANSFORM (Cicero-prosjekt, leia av Helene Amundsen, basert på case-studier i 14 kommunar, ferdigstilt 2021, vil dekke KPS 2.0 og 3.0)
- Resultat så langt: KPS blir utarbeidd, vedtatt og brukt aktivt i dei fleste norske kommunane. Planadministrativt ei suksess-historie
- Forventingane om folkevald leiing og engasjement har definitivt ikkje slått til



FORSKINGSRESULTAT

- Det kjem, men først offentleg neste år
- Det vi kan seie, meir generelt er (1) at folkevalde gjennomgåande er svært lite involvert i arbeidet med å framstille KPS, og (2) at dei nyttar svært kort tid på behandling av KPS i kommunestyret, sjølv om (3) ordførar normalt inviterer til synspunkt og framhever viktigheten av KPS, (4) det skjer svært lite utvikling frå 1.0 (2012) til 2.0 (2016).
- Som virkemiddel for å skape større overordna-nivå-engasjement for planlegging har så langt KPS ikkje innfridd.
- Men 1.0 var prega av at dette var noko nytt for alle
- Og 2.0 blei gjennomført midt i kommunereform-fasen.
- Så vi KAN ha forventingar til 3.0, med større politiske interesse denne gongen (frammøte opp frå 60% til nesten 65%)



SÅ KVA ER PROBLEMET?

- KPS er noko nytt? Kanskje i første runde, uansett tar ting tid på å feste seg
- KPS kjem for tidleg i valgperioden?
- Mange strevar med å skjønne begrepsbruken i plansystemet. Vil kanskje ikkje seie det høgt, men veit ikkje kva «strategi» betyr
- KPS blir offer for det generelle «crowding out»-problemet i lokal politikk: Det som engasjerer, er gjerne det som (1) skjer her og no og som (2) er konfliktfyllt. Dette driv ut interessa for langsiktige og lite konfliktfylte saker (som planlegging ofte er)
- Og det skortar ikkje på enkeltproblem som dukkar opp for ein nyvald representant i kommunestyret



Tromsø kirkelige fellestråds økonomi: I begynnelsen av november sendte jeg dere et brev om økonomien vår i 2020. Bakgrunnen for dette var forslaget om reduksjon av det økonomiske tilskuddet til fellestrådet foreslått i Handlings- og økonomiplan § 12,1. Fellestrådet økonomi er svært skjør etter at kommunen i snart 10 år har redusert tilskuddene og økt fellestrådet oppgaver. **Årlig får vi tilført 10 mill. kroner for lite**, eller ca. 25% mindre enn sammenlignbare kommuner. Våre vedlikeholdsfond er tomme og vi hadde i fjor et underskudd på 2,6 mill. kroner. For å bedre vår økonomi har kommunen vedtatt å innvilge oss avdragsfrihet for tre lån, men inndekningen av underskuddet må vi selv stå for. Nå klarer vi ikke ytterligere reduksjon. **I klartekst betyr dette: 1. Vi må i 2020 få tilført 32,6 mill. kroner** 2. Dette betyr at vi IKKE tåler reduksjon på kr. 986.000.- som foreslått i kommunens Handlings- og økonomiplan 2020-2023 3. Vi må få tilført lønns- og prisvekst Vi snakker om et minimum for å kunne opprettholde anstendighet og sikkerhet rundt vår drift, og våre



TILTAK FOR STØRRE ENGASJEMENT

- På kort sikt er det utenkeleg å få endra den lokalpolitiske kulturen si slagside mot her-og-no – (om ikkje klimabrølet får fart på det langsiktige)
- Å endre lova slik at den blir enklare å forstå, og rydde mellom **skal, bør og kan** i §10-1 vil truleg ikkje hjelpe mykje
- Så då gjenstår grep i det planpedagogiske arbeidet
- Ikkje lage «lekrare» dokument (mange KPS-ar har bra med bildestoff!)
- **Men få fram det konfliktfylte i å jobbe strategisk:** Den pedagogiske ppgåva er å få fram at alt kan ikkje ha første prioritet. Planoversynet i KPS viser med all tydelegheit kva som skal planleggast først (2021), kva som blir sett litt på vent (2022), litt lengre på vent (2023) og kva som fell ut.
- Og vise, pedagogisk, at det er ein klar samanheng mellom (1) fleirtalet sin politiske plattform, (2) drøftinga av strategiske valg, og (3) dei planoppgåvene som blir prioriterte først.

